

SPECIALNUMMER:

**Gratis 1. mai-
nummer av
Standpunkt**

VIKARBYRÅDIREKTIVET:

**– Feigt og
provoserande
av Ap**

Side 3



EU-KRISA RAMMER FOLK:

**Krisa sett fra
Tyskland og
Spania**

Side 4

LO-KONGRESSEN I 2013:

Alternativ- debatten kommer!

„Jeg tror ikke det er et spørsmål om at EØS kan bli et tema. EØS blir et tema.

Hans O. Felix, leder i EL & IT Forbundet, til LO Media 12. april 2012

Bildet er fra LO-kongressen 2009. FOTO: EIVIND FORMOE

**Bli
medlem
i Nei til EU!**

Send følgende SMS-
melding NEITILEU
<DITT NAVN OG
POSTADRESSE> til
2090 (150,- for
2012)

LO-KONGRESSEN 2013 VIL DISKUTERE EØS:

Klarer ikkje å stoppe alternativdebatten



Må ta alternativdebatten. LO-kongressen om eit år vil verte ein viktig milepæl i EØS-debatten, om LO-leiar Roar Flåthen vil det eller ikkje. Biletet er frå LO-kongressen i 2009. FOTO: EIVIND FORMOE

På LO-kongressen i mai 2013 kan grasrota kome til å gjere opprør mot den ukritiske EØS-lojaliteten til LO-leiinga. Det er budskapet frå fleire sentrale LO-folk Standpunkt har snakka med.

LO har vore garantisten for at det ikkje vert stilt spørsmål ved EØS-avtalen. No boblar det av EØS-kritikk og debatt på grunnplanen i LO, og leiinga vil neppe klare å hindre at EØS-debatten pregar LO-kongressen 3.-7. mai 2013.

Ei undersøking som LO Media har gjort blant forbundsleiarane i LO, viser at dei innser at debatten vil kome. Fleire av dei avviser likevel kontant at det finst realistiske alternativ til EØS. Arve Bakke i Fellesforbundet ser ingen alternativ.

– Vårt forhold til EU og dermed også til EU sine snart 30 medlemsland kan sikkert ha ulike former. Jeg ser i dag ingen alternativer som er bedre enn EØS-avtalen, seier Arve Bakke til LO Media 12. april.

Utelukkar inga alternativ

Per Bjørn Eriksen ser derimot alternativa. Han er sekretær i Fellesforbundets petroleumseforum, som har medlemmer offshore og petrokjemiske verksemdar, og har tidlegare vore avdelingsleiar for Fellesforbundet i Nord-Rogaland. I Haugesund skal «Arbeidslivet ut av EØS» vere 1. mai-parole, og årsmøtet i LO i Nord-Rogaland skal ta stilling til om dei vil ta del i alternativdebatten. Eriksen er forslagsstillaren.

– Vi vil ikkje utelukke noko

alternativ. Difor foreslo vi «Arbeidslivet ut av EØS» til 1. mai-parole, for det kan dei fleste samle seg om, uansett om dei er tilhengjarar av EU og EØS eller ikkje, seier Per Bjørn Eriksen til Standpunkt.

Han ønskjer seg eit debattopplegg fram mot LO-kongressen og trur ikkje EØS-debatten let seg stogge.

– Eg veit at det vil presse seg fram ein slik debatt. Vi seier ikkje at vi vil seie opp avtalen, men vil ha debatt om alternativ og korleis vi kan skjerme arbeidstakarrettar. Det er viktig at LO er pådriver for denne debatten.

Per Bjørn Eriksen veit ikkje om synet på EØS-avtalen er i ferd med å endre seg i LO-toppen.

– Men nede på grasrotsplan i LO er det i ferd med å endre seg. Eg forstår at mange er livredde for at EØS-avtalen vert sagt opp, og kva som då vil skje med eksportbedriftene. Den skepsisen har eg hatt og. Men det er ingen som har sagt at dette skal skje i morgon. Vi vil ta denne debatten grundig og kva som vert resultatet vil vise seg. Vi kan ikkje ha aversjon mot debatten, slår han fast.

Opp på HK-landsmøtet

Også Handel og Kontor-leiaren støttar EØS-avtalen, men debatten går vidare på forbundet sitt

landsmøte i september, som då vert første viktige milepæl i EØS-debatten.

– Jeg ser ikke noe alternativ til EØS-avtalen, seier forbundsleiar Sture Arntzen til LO Media.

– Utvalget som vår nestleder Peggy Hessen Følsvik ledet fram til forbundsstyremøtet i mars, hadde negative innstillinger til krav om oppsigelse av EØS-avtalen. Dette sluttet forbundsstyret seg til mot 1 stemme. Jeg regner med at landsmøtet i september vil slutte seg til forbundsstyrets innstilling, seier Arntzen.

Heidi Larsen er tidlegare styreleiar i Handel og Kontor Region Midt-Norge. Ho er glad for at Arntzen signaliserer at debatten vil kome.

– Eg kjenner Sture Arntzen som ein ærleg og demokratisk person. Handel og Kontor tek naturleg nok utgangspunkt i utvalet som innstilte til forbundsstyret. Det utvalet jobba parallelt med Alternativ-utgreinga, og eg vonar at Sture syt for at anten Sigbjørn Gjelsvik eller Jan Olav Andersen frå Alternativprosjektet får tid på landsmøtet til å presentere rapporten som skisserer åtte alternativ til dagens EØS-avtale, seier ho til Standpunkt.

– Det er jo landsmøtet som skal vedta Handel og Kontor sitt



Vil ha debatt om alternativ. Frå venstre: Per Bjørn Eriksen, Heidi Larsen og Rolf Bersås.

syn på EØS-avtalen. Og det er LO-forbunda sine landsmøte og landsstyre som styrer kva som vert politikk på LO-kongressen.

– Eg trur ikkje at forbundsleiarane sine svar vil verte forbunda sine endelege svar, etter at dei får handsama saka grundigare, seier ho, og oppmodar også andre forbund til å invitere innleiarar frå Alternativprosjektet for å presentere EØS-alternativa.

EØS blir eit tema

EL & IT Forbundet var blant initiativtakarane til Alternativprosjektet, som i vår la fram ein rapport som viser åtte alternativ til dagens EØS-avtale. Forbundsleiar Hans O. Felix er klar på at alternativdebatten vil prege LO-kongressen.

– EØS-debatten vil avspeile det som blir sendt inn som forslag, og jeg ser det ikke som min oppgave å påvirke hva medlemmer og tillitsvalgte skal mene per i dag. Men jeg tror ikke det er et spørsmål om at EØS kan bli et tema. EØS blir et tema, slår Felix fast til LO Media.

– Hvis det hele ender opp med et krav om å si opp avtalen, eller den andre ytterlighet at vi skal gå for fullt medlemskap, bør det

uansett vurderes om våre delegater stiller fritt i selve kongressen.

Rolf Bersås er leiar i LO i Stavanger og kjem også frå EL & IT Forbundet.

– Forbundet mitt er jo eitt av dei som er med på prosjektet. Vi skal behandle alternativdebatten i ein prosess fram mot landsstyremøtet i juni, seier Rolf Bersås til Standpunkt.

Bersås seier det er vanskeleg å spå om kva resultat ein kan vente av debatten på LO-kongressen.

– Fagforeiningar og LO-forbund må sende framlegg inn til kongressen. Det er ein føresetnad for å få opp debatten. Utfallet av debatten vil avhenge av om konsekvensane av vikarbyrådirektivet har vorte synlege. Dersom det som direktivmotstandarane fryktar slår til, vil det verte lettare å få ein god debatt om alternativ til EØS-avtalen, seier han.

– Vi kunne levd godt med avtalen dersom vi hadde brukt reservasjonsretten, men så lenge det ikkje skjer har vi eit stort problem.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no



Hjartesak. Ine-Sophie Berglund er redd for kva som skjer viss direktivet blir innført. Ho ser i dag dei negative konsekvensane av den store vikarbruken, særleg innanfor hotell og restaurant. FOTO: EIVIND FORMOE

VAR VIKAR I FEM ÅR, PROTESTERER MOT VIKARBYRÅDIREKTIVET:

– Provoserande frå Arbeidarpartiet

Ine-Sophie Berglund er 21 år og leiar i Fellesforbundets ungdomsutval i Oslo og Akerhus. Ho kallar Arbeidarpartiet si avgjerd om vikarbyrådirektivet feig og provoserande.

Stortingsgruppa til Arbeidarpartiet trumfa gjennom EUs vikarbyrådirektiv mot veto-krav frå SV og Sp. Dermed tok Arbeidarpartiet same standpunkt som NHO, imot LO, YS og Unio.

– På LOs student og elevkonferanse sa Hanne Bjørstrøm «Vi går ikkje herifrå før vi er samde» då vi skulle diskutera vikarbyrådirektivet. Likevel var ho den fyrste som gjekk. Det tykkjer eg er feigt, og det er provoserande at Arbeidarpartiet ikkje tek omsyn til kva fagrørsla meiner om direktivet, seier Ine-Sophie Berglund til Standpunkt.

Meir vikarbruk

Vikarbyrådirektivet er meint å sikre likebehandling av vikarar og fast tilsette. Ei slik likebehandling

kan Noreg innføre heilt uavhengig av direktivet. På den andre sida vil vikarbyrådirektivet kunne opne opp for meir omfattande vikarbruk.

– Vikarbyrådirektivet er mi hjartesak. Eg er redd for kva som vil skje viss direktivet blir innført. Det kjem til å bli meir bruk av vikarar, særleg innan hotell og restaurant der det er mange vikarar i dag. Det er spesielt vanskeleg for ungdom å få fast jobb. Eg er redd for kva som vil skje med lærlingplassane når dei som skal læra dei opp ikkje er faste tilsette. Det er vanskeleg nok å bli lærling i dag som det er, seier Berglund.

– Eg byrja å jobba som 16-åring, fyrst for ein hamburgerkjedde, så på ein kafé og deretter på hotell. Alle jobbane var deltid,

men etter fem år fekk eg endeleg fast jobb i mars i fjor. På kafeen fekk eg dårleg betalt og måtte jobba 200 timar i månaden. Eg prøvde å få til ein tariffavtale på kafeen, men det gjekk diverre ikkje.

No er Ine-Sophie nyvald nestleiar i Fellesforbundets sentrale ungdomsutval og tilsett i eit engasjement i fagforeninga. Ho opplever dagleg at tilsette i hotell og restaurant har dårlege arbeidsforhold.

– Vi har mange saker frå ISS med folk som har kontraktar som ikkje stemmer overeins med korleis dei arbeider. Det er mange som jobbar seg sjuke, avsluttar ho.

Av Eva Marie Mathisen

eva.marie.mathisen@neitileu.no

Åtte alternativer til EØS-avtalen

Prosjektet Alternativer til dagens EØS-avtale la i vår frem Alternativrapporten, som viser åtte alternativer til dagens avtale. Her får du en svært kortfattet gjennomgang av alternativene. Vil du lese mer? Se neitileu.no

EU som premissleverandør

1: EU-medlemskap
Det er viktig å vise til dette alternativet også. Påstanden er at Norge allerede er medlem uten stemmerett, og at EU-medlemskap derfor ville være en mer demokratisk samarbeidsform. EU-medlemskap ville føre til mindre selvstendighet.

2: EUs løsning

EU har signalisert at de ønsker en mer omfattende avtale enn dagens EØS-avtale. Et slikt alternativ ville inkludere flere områder i EØS og gi domstolen makt over nye områder.

Gjøre dagens avtale bedre?

3: Bruke handlingsrom
Utviklingen i EØS har ikke vært uunngåelig, og det finnes et handlingsrom som i dag ikke blir brukt. Norske myndigheter må være mer aktive i en tidlig fase, sette klare grenser, bruke reservasjon aktivt og jobbe for særordninger.

4: Et slankere EØS

Innebærer at omfanget av EØS-avtalen reduseres. Det er uklart om EU vil gå med på dette. Angrefrist på direktiver, uavhengig regionpolitikk, skjermte enkeltsektorer og strengere krav til faglige rettigheter.

Erstatte EØS med handelsavtaler

5: Multilat. regelverk
WTO gir allmenne kjøpereregler for handel, og både Norge og samtlige EU-land er medlemmer i WTO. WTO-avtalen forbyr nye handelshindringer, og Norge ville være mindre bundet med WTO enn med EØS-avtalen.

6: Handelsavtale

Vi vil få solgt varene våre også uten EØS, siden frihandelsavtalen fra 1973 fortsatt ligger til grunn, sammen med WTOs regelverk. Den eksisterende avtalen er en basis for samarbeid, som kan utvides.

Bilateral eller regional avtale i stedet for EØS

7: Bilateral avtale
En avtale mellom to parter er den vanligste avtaleformen mellom land. Sveits har den mest omfattende bilaterale avtalen. En bilateral avtale vil være det mest interessante for EU, dersom EØS faller bort.

8: Regional avtale

Dette alternativet innebærer at en samlet EFTA-blokk (EØS-landene pluss Sveits) inngår en avtale. Vi ville dra nytte av at Sveits er tøffe forhandlere. En mulig ulempe kan være motstridende interesser mellom Norge og Sveits.



Heming Olausen
Leder i Nei til EU

Alternativer finnes!

Norsk EU-medlemskap er totalt uaktuelt, med nei-flertall på målingene i sju år. Nå har nei-standpunktet 75 % oppslutning, mot ja-sidens 15 %. Selv Jens Stoltenberg har innsett at EU-saken ligger død. Alle er enige om at vi skal handle og samarbeide med EU. Spørsmålet er: Hvordan gjør vi dette på en måte som ikke samtidig truer et anstendig norsk arbeidsliv, kampen mot sosial dumping, faglige rettigheter og selve den norske modellen?

I dag baserer vi oss på EØS. Denne avtalen begynner etter hvert å bli ganske trøblete, ikke minst for fagbevegelsen. Tjenstedirektivet, postdirektivet, vikarbyrådirektivet, allmenngjøring, ILO 94, anbud i offentlig sektor, helse direktivet: Lista begynner å bli lang over EU-politikk som utfordrer norsk fagbevegelse og arbeidsfolks situasjon her i landet.

Det har lenge vært en myte i norsk politikk at vi «må» ha EØS-avtalen for å få solgt varene våre til EU. Å hevde noe annet har nærmest vært avfeid som useriøst.

Nå har vi fått ny kunnskap om EØS. *NOU 2:2012*

Utenfor og innenfor, eller Europautredningen, viser på over 900 sider hvor omfattende EØS griper inn i norske samfunnsforhold, og hvor lite demokratisk avtalen fungerer.

«Alternativrapporten» fra prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale» er både mer interessant og lettlest. Bak prosjektet står blant annet EL & IT Forbundet, Fagforbundet, Fellesforbundet, Fellesorganisasjonen, LO i Oslo, Trondheim, Fredrikstad og Kristiansand.

Rapporten knuser myten om EØS-avtalens nødvendighet. Mer enn det: Den trekker opp hele åtte alternativer til EØS, hvorav seks innebærer mindre makt til EU over Norge. Både utenriksminister Jonas Gahr Støre og Norges forhenværende sjefsforhandler Eivinn Berg har gitt rapporten sin anerkjennelse som seriøs og kompetent. Nå gjelder det å diskutere så fyllene fyker: Hva mener **din** fagforening og **ditt** forbund vil være det beste alternativet for Norge? Dette blir en av de viktigste debattene i fagbevegelsen fram mot LO-kongressen i 2013.

VARME ORD & STIKK I SIDA

■ Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:



Varme ord

Dagrun Eriksen. Nestlederen i KrF var raus og positiv debattant på Nei til EUs landskonferanse om «Alternativer til EØS» i mars. Hilste alternativ-debatten velkommen, og ønsket seg EØS som tema i valgkampen 2013. Et eksempel til etterfølgelse nå som vi står foran den nye EØS-debatten her til lands.

Stikk i sida

Martin Kolberg. Aps parlamentariske leder skjeller ut medlemmer i Fellesforbundet fordi de går hardt ut mot vikarbyrådirektivet, og fordi noen av dem truer med å la være å stemme Ap ved valget i 2013. Kolberg ber forbundet nærmest «rydde opp». Og vi som trodde det var en personlig sak hvem man stemmer på her i landet? Kolberg mener fagforeningsfolk nærmest har en plikt til å stemme Ap? Underlig demokratisyn.

NEI TIL EU:

Vil hjelpe ofrene for EU-krisen

Nei til EU mener at regjeringen bør gjøre mer for å hjelpe arbeidsledige fra EU.

– Mange vil kanskje oppfatte det som litt pussig at en organisasjon som er motstander av europeisk integrasjon mener dette?

– Jeg kan forstå at noen

tenker det. Men nettopp derfor tror jeg det er viktig at en organisasjon som Nei til EU går foran. VI har alltid fremhevet solidaritet som en av våre bærebjelker i Norge, og nå trenger Sør-Europa den solidariteten, sier Olausen til Aftenposten 22. mars.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

Den grunnleggende svakheten ved EØS-avtalen

Da stortingsflertallet godkjente EØS-avtalen i oktober 1992, bandt det Norge til EU på fire svært håndfaste måter:

1. Norge bandt seg til det lovverket for det indre markedet som EU på det tidspunkt hadde vedtatt. Det var regelverket som skulle sikre fri flyt av varer, tjenester, kapital og arbeidskraft i tillegg til den frie etableringsretten og konkurranselovreguleringen.
2. Norge bandt seg videre til å godta alle de tolkningene av traktater og lover som EU-domstolen og EU-kommisjonen til da hadde vedtatt.
3. Verre: Norge bandt seg også til å godta all framtidig lovgivning for det samme indre markedet – uansett hva EU kunne komme til å vedta.
4. Verst: Norge bandt seg til å godta alle framtidige tolkninger av traktater og lover fra EU-kommisjonen og EU-domstolen – uansett hva disse tolkningene måtte innebære for Norge.

EØS-avtalen innebærer derfor total underkastelse under EU fra norsk side. En mer nedverdiggende ynkeliggjøring av en nasjon som prøver å ivareta sin suverenitet gjennom en demokratisk organisert stat, er det vanskelig å forestille seg.

- Utafor EØS ville vi sluppet EØS-reglene for offentlige innkjøp og byggeoppdrag. Kommuner, fylkeskommuner og statlige etater kunne på fritt grunnlag vurdert når anbud var fordelaktig – og hva slags anbud som var ønskelig i det enkelte tilfelle (EØS-anbud, norsk anbud eller helt lokalt anbud).
- Utafor EØS kunne vi satt strengere helse- og miljøkrav til produkter enn EU hvis vi mente det var gode grunner for det – og ellers følge EUs regelverk.

Ikke på noe punkt øker EØS-avtalen norsk handlefrihet til å gripe inn mot uheldige virkninger av markedskonkurransen. Mangel på fri flyt av varer, tjenester og kapital er ikke noe viktig samfunnsproblem i dagens Europa. EU retter derfor systematisk oppmerksomheten i feil retning. Gjennom EØS-avtalen tvinges norske myndigheter til det samme.

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. E-post: standpunkt@neitileu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Hilde Loftesnes Nylén, Marianne Granheim Trøyflåt, Hildegunn Gjengedal og Dag Seierstad.

Korrektur: Elisabeth Gundersen og Kjell Arnestad
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitileu.no
Telefon: 22 17 90 20

Medlemskap i Nei til EU
koster 150,- kroner første år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.
Trykkansvarlig: Datatrykk



➔ PÅ SISTE

EU-KRISA RIVER NED VELFERD OG ARBEIDSLIV:

To sider av krisa



Demonstrerer mot kutt. De enorme kuttene som den spanske regjeringen gjennomfører, gjør folk arbeidsledige og fattige. På bildet demonstrerte studenter i Madrid tidligere i vår mot regjeringens kuttplaner.

FOTO: ADOLFO INDIGNADO CUARTERO/CREATIVE COMMONS-LISENS

EU-krisa ser ulik ut, sett fra Spania og Tyskland. Standpunkt har snakket med to aktivister som kjemper for å bevare velferd og et godt arbeidsliv i et kriserammet EU.



Carlos Ruiz og Hugo Braun

Carlos Ruiz fra Attac i Spania mener krisetiltakene bare gjør krisa enda verre.

– Som Attac-medlem er jeg fullstendig mot disse innstrammingsiltakene. De ødelegger det som er igjen av velferdsstaten vår. De spanske tiltakene er bare speilbilder av tiltakene som kommer fra EU. Tiltak som er ment å avhjelpe krisa, men som gjør krisa enda verre, sier han.

– *Hvordan reagerer folk på den rollen EU, og spesielt Den europeiske sentralbanken, spiller?*

– Glem ikke at de aller fleste spanjoler har ment at EU var den beste løsningen for et land som kom fra diktaturet, og de har stemt massivt for integrasjon. Men nå begynner mange å innse at EU er opphavet til innstrammingsiltakene. Men selvsagt bruker regjeringen også «Brussel» som et alibi for å gjennomføre upopulære tiltak.

– Bare et mindretall er bevisst rollen til Den europeiske sentralbanken og mener redningspakken er laget for å redde banker, ikke for å redde folket. Et flertall mener likevel at redningen må komme fra EU og vil ikke vurdere om Spania bør gå ut av euroen eller ut av EU.

Ruiz viser til at arbeidsledigheten nå er oppe på 25 prosent, 20 prosent av befolkningen er nå fattige. Økonomien har krympet med 1,5 prosent og tapene på

børsen er historisk høye.

– Den spanske regjeringen har økt merverdiavgiften med to prosent, svekket rettighetene til arbeidstakerne, formueskatten har blitt gjeninnført, inntektsskatten har økt kraftig, skattefradrag har blitt fjernet og pensjonene har blitt reduserte. De offentlig ansatte har også fått redusert lønnene sine med fem prosent, som sammen med økte skatter fører til at de har fått redusert kjøpekraften sin med i snitt 20 prosent, forteller han.

– Nylig har regjeringen kunnngjort ytterligere kutt i utdanning og helse på 10 milliarder euro.

– Mange mennesker mister hjemmene sine fordi de ikke klarer å betale avdragene. I tillegg til all lidelsen som disse innsparingstiltakene fører med seg, forsterker de også den økonomiske nedgangen, forteller Carlos Ruiz til Standpunkt.

Vekst i Tyskland

Motoren i eurosonen er uten tvil Tyskland. Hugo Braun fra Attac i Tyskland forteller Standpunkt at den tyske økonomien ser ut til å ha stabilisert seg.

– Realøkonomien vokser og eksporten er høy på grunn av lavt lønnsnivå. Tyskland hadde sin innstrammingsperiode allerede for ti år siden. I møte med den forferdelige situasjonen i Sør-Europa opplever tyskerne

at de har det bedre, men de er stadig redde for at utviklingen skal snu til det verre.

– Innsparingstiltakene som EU og regjeringene gjennomfører er uten tvil i tråd med interessene til industrien og finansmarkedene. Og EUs finanspakt er et alvorlig angrep på levestandarden til befolkningen.

Solidaritet med folket

Hugo Braun forteller at tyskerne er redde for at de skal få regningen for å få finansmarkedet i

eurosonen på beina igjen.

– Det er en voksende solidaritet med grekerne som blir rammet av krisa, som arbeidsledige og pensjonister. De har ingen skyld i det som hendte. Samtidig får vi vite at de rike i Hellas ikke bidrar det minste til å betale regningen. Så det er ingen solidaritet med «Hellas», men med det greske folket, forteller Braun

Av Hilde Loftesnes Nylén og Sindre Humberset
standpunkt@neitileu.no

Klipp ut og send inn

Jeg ønsker å bli (kryss av):

- Ordinært medlem, 150,- (320,- andre året)
- Studentmedlem, 50,-
- Husstandsmedlem, 100,-
- Ungdom mot EU, 50,- (under 26 år)



Ja, jeg vil bli medlem av Nei til EU!

Som medlem:

- bidrar jeg til å holde Norge utenfor EU.
- får jeg tilbud om skoloring, både på nasjonalt og lokalt plan.
- får jeg tilsendt oppdatert informasjon om EU- og EØS-relaterte saker gjennom medlemsavisa Standpunkt og andre publikasjoner.

Navn:

Adresse:

Postnummer/-sted:

E-post:



Nei til EU
Svarsending 0331
0090 Oslo